

Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	10.05.2021
Tid:	09:00 - 15:25

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Stian Femoen	Leiar	H
Lars Fjeldstad	Nestleiar	SP
Iril Kirstine Schau Johansen	Medlem	H
Odd Erik Lind	Medlem	FNB
Jostein Ljones	Medlem	SP
Ingrid Handeland	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ragnhild Hus Fagerbakke	Renate Møgster Klepsvik	H

Merknader

Iril Schou Johansen fekk permisjon kl. 14.30. Deltok t.o.m. sak PS 35/21

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, t.o.m. sak PS 31/21
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi, t.o.m. sak PS 31/21
Trond Amundsen	Innkjøpssjef, sak PS 30/21
Bjarne Ryland	Partner i Deloitte, t.o.m. sak PS 34/21
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor i Delotte, t.o.m. sak PS 35/21
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Ingrid Kalsnes	Forvaltningsrevisor i Deloitte, t.o.m. sak PS 35/21
Hogne Haktorson	Kontrollsjef i Vestland fylkeskommune
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i sekretariat for KUV i Vestland fylkeskommune, t.o.m. sak PS 29/21
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for KUV i Vestland fylkeskommune

Dan Femoen

Hogne Haktorson

utvalsleiar

kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 5/21 GK 6/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	2020/1065	
Referatsaker			
RS 26/21	Rapport fra PwC - gjennomgang TkVestland	2020/48608	
RS 27/21	FKT - medlemsinformasjon mars 2021	2020/777	
RS 28/21	FKT - medlemsinformasjon april 2021	2020/777	
RS 29/21	Sak 67-21 i FUV 26.03.2021 Eigarstrategi for Grieghallen IKS	2020/36813	
RS 30/21	Innkлага sak til KOFA 30.03.21	2020/72413	
RS 31/21	Arbeid med internkontroll og resultat av eksterne tilsyn i 2020 - orientering til kontrollutvalet	2019/121	
RS 32/21	Brev fra Rogaland fylkeskommune	2020/44280	
RS 33/21	Ferde AS - første rapport til eigarane i 2021	2020/35317	
RS 34/21	Årsrapport frå varslingsutvalet for 2020	2021/6020	
RS 35/21	Rettsvistar i Vestland fylkeskommune per april 2021	2020/47016	
RS 36/21	Mulig overtredelsesgebyr fra Datatilsynet	2020/44275	
Politiske saker			
PS 29/21	Årsrekneskap og årsmelding 2020 - Uttale frå kontrollutvalet	2020/46484	
PS 30/21	Fylkesrådmannen orienterer om innkjøpsrutinar i vidaregåande skular	2021/16094	
PS 31/21	Fylkesrådmannen orienterer om status i høve arbeid med etikk i Vestland fylkeskommune	2021/16088	
PS 32/21	Fylkesrådmannen sine svar på spørsmål frå kontrollutvalet om finansforvaltninga	2020/46484	
PS 33/21	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune 2021	2020/48382	
PS 34/21	Notat frå Deloitte gjeldande meirarbeid i samband med forvaltningsrevisjon innan tannhelse	2020/48608	
PS 35/21	Forvaltningsrevisjon tannhelse - Revisjonsrapport	2020/48608	
PS 36/21	Forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa - Forslag til prosjektplan	2021/16089	
PS 37/21	Forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga - Forslag til prosjektplan	2021/16091	
PS 38/21	Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter - Forslag til prosjektplan	2021/16093	
PS 39/21	Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar - Status i arbeidet ved Deloitte	2020/75285	
PS 40/21	Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular	2020/48378	
PS 41/21	Gjennomgang av møteprotokollar	2020/44278	
PS 42/21	Oppfølging - Selskapskontroll av Skyttel AS	2020/44280	
PS 43/21	Eventuelt	2020/37320	

Godkjenningssaker

GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 6/21 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det kom fram at partitilhøyrigheita til Odd Erik Lind var feil på side 13. Det rette skal vera FNB og ikkje BNP.

Det kom elles ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 22.03.2021 vart samrøystes vedteke.

Referatsaker

RS 26/21 Rapport fra PwC - gjennomgang TkVestland

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 27/21 FKT - medlemsinformasjon mars 2021

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 28/21 FKT - medlemsinformasjon april 2021

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 29/21 Sak 67-21 i FUV 26.03.2021 Eigarstrategi for Grieghallen IKS

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 30/21 Innklaga sak til KOFA 30.03.21

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 31/21 Arbeid med internkontroll og resultat av eksterne tilsyn i 2020 - orientering til kontrollutvalet

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 32/21 Brev fra Rogaland fylkeskommune

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 33/21 Ferde AS - første rapport til eigarane i 2021

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 34/21 Årsrapport frå varslingsutvalet for 2020

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 35/21 Rettstvistar i Vestland fylkeskommune per april 2021

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 36/21 Mulig overtredelsesgebyr fra Datatilsynet

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Odd Erik Lind (FNB) stilte spørsmål med korleis dette er i samanheng med selskapskontrollen som kontrollutvalet handsama i 2019/2020.

Frode Løvlie frå Deloitte svarte at revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 03.03.2020. Det tilhøve som Datatilsynet varslar muleg overtredelsesgebyr for gjeld for ein periode før den aktuelle selskapskontrollen vart gjennomført.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 29/21 Årsrekneskap og årsmelding 2020 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem i møte 21.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og fylkesdirektør organisasjon og økonomi, Ingrid Kristine Holm Svendsen, presenterte resultatet av rekneskapen for 2020 for Vestland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Presentasjonen vart send kontrollutvalet på e-post etter møtet.

Seniorrådgjevar, Einar Ulla, i sekretariatet orienterte om bakgrunnen for saksframlegget og forslag til uttale som ligg ved saka.

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor, Espen Hordvik, presenterte resultatet av den gjennomførte revisjonen av fylkesrekneskapen for Vestland fylkeskommune for 2020. Presentasjonen vart send kontrollutvalet på e-post etter møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem i møte 21.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

PS 30/21 Fylkesrådmannen orienterer om innkjøpsrutinar i vidaregåande skular

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar for det grundige svaret frå fylkesrådmannen på spørsmål om innkjøpsrutinar i vidaregåande skule og tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og innkjøpssjef, Trond Amundsen, orienterte om innkjøpsrutinar i vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet takkar for det grundige svaret frå fylkesrådmannen på spørsmål om innkjøpsrutinar i vidaregåande skule og tek informasjonen til orientering.

PS 31/21 Fylkesrådmannen orienterer om status i høve arbeid med etikk i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, orienterte om arbeid med etikk i Vestland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom fram m.a. dette:

- Det er gjennomført e-læring i habilitetsreglane for tilsette i administrasjon og rektorar
- Det er gjennomført e-læring etiske retningsliner for alle tilsette
- Det er gjennomført webinar for leiarar i administrasjonen om samspelet med politikk
- Innført ny rutine for habilitetsvurderingar
- I 2021 vil det komme rutine med påminning om obligatorisk e-læring
- Gjennomgang/revisjon av alle etiske retningsliner
- Nytt opplæringsopplegg om etiske dilemma
- Revisjon av rutine om varsling

Presentasjonen vart send kontrollutvalet på e-post etter møtet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

PS 32/21 Fylkesrådmannen sine svar på spørsmål frå kontrollutvalet om finansforvaltninga

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar for det gode og grundige svaret frå fylkesrådmannen på spørsmål om finansforvaltninga og tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet takkar for det gode og grundige svaret frå fylkesrådmannen på spørsmål om finansforvaltninga og tek informasjonen til orientering.

PS 33/21 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune i 2021, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, presenterte uavhengighetserklæringa og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dei orienterte også om oppdrag dei har hatt for Vestland fylkeskommune ut over oppdrag bestilt frå kontrollutvalet.

Skriftleg oversyn vert send kontrollutvalet på e-post etter møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vestland fylkeskommune i 2021, til etterretning.

PS 34/21 Notat frå Deloitte gjeldande meirarbeid i samband med forvaltningsrevisjon innan tannhelse

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune godkjenner ein auke på 160 timar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan tannhelse slik at den totale ramma på dette prosjektet blir på 612 timar.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, orienterte om bakgrunnen for at det har gått fleire timar til dette prosjektet enn det som ligg i den godkjende prosjektplanen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune godkjenner ein auke på 160 timar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan tannhelse slik at den totale ramma på dette prosjektet blir på 612 timar.

PS 35/21 Forvaltningsrevisjon tannhelse - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan tannhelse ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at det vert sett i verk tiltak for å:

1. Inngå samarbeidsavtalar med alle kommunar i fylket, og etablere system som sikrar ei god og tilstrekkeleg rapportering på inngåtte avtalar
2. Prioritere å revidere samarbeidsavtalane med barnevern og statlege asylmottak
3. Evaluere om samarbeidsavtalane fungerer som føresett, inkludert evaluere om avtalane er tilstrekkeleg tydeleg for dei partane som skal bruke dei
4. I større grad kunne gi eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til personar med ruslingar og eldre, langtidssjuka og uføre i heimepleie
5. Sørgje for at tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsette og personar med sterk angst for tannbehandling (TOO-tilbod) og tilbod til betalande pasientar ikkje går ut over tilbodet til pasientar i prioriterte grupper
6. Vurdere om det er behov for tiltak knytt til at nokre tilsette opplever at dei ikkje har ressursar til å gje tannbehandling av god nok fagleg kvalitet
7. Sørgje for at rutinar for journalrevisjon blir gjort kjent for og følgt av alle tannklinikkane
8. Utarbeide oversikt over kva tilleggskompetanse som finst på tannklinikkane, slik at kompetansen ved behov kan nyttast på tvers
9. Etablere eit system for å halde oversikt over klager innan tannhelsetenesta for å vere kjend med talet på klagar og for å nytte desse i forbetningsarbeid på tvers av tannklinikkane
10. Vurdere om det er behov for retningslinjer og meir informasjon om tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsette og personar med sterk angst for tannbehandling (både pasientretta informasjon og retningslinjer til internt bruk)
11. Sikre at tilsette i tannhelsetenesta kan førebyggje, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt, mellom anna ved å sørgje for at:
 - a. det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet
 - b. tilsette har tilstrekkeleg kompetanse
 - c. tilsette har tilgang på ressurspersonar som kan kontaktast for råd og rettleiing

- d. tilsette er kjent med at helsepersonell har ei sjølvstendig meldeplikt til barnevernet og kva meldeplikta inneberer
12. Sørge for at det blir utarbeidd realistiske budsjett for tannhelsetenesta, mellom anna ved å:
- a. utarbeide skriftlege rutinar for budsjettprosessen, som beskriv kva forhold som skal vurderast, kven som skal involverast, kva tidspunkt ulike aktiviteter og oppgåver skal gjennomførast og kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene i prosessen
 - b. identifisere og dokumentere kva tiltak som er nødvendig for å lukke budsjettavviket ved tannhelsetenesta sitt kompetansesenter (TkVestland)
 - c. utarbeide realistiske og korrekte budsjett for alle relevante nivå av tannhelsetenesta der alle kjente inntekter, utgifter og kostnadsdrivarar blir vurdert og tatt omsyn til
 - d. innføre kvalitetssikringstiltak av budsjetta
 - e. vurdere om klinikkleiarar bør ha ei større rolle i utarbeiding av budsjett for tannklinikkane
 - f. etablere betre system for økonomirapportering for alle relevante nivå av verksemda som gjer det mogeleg å setje i verk tiltak undervegs i året ved avvik frå budsjett
13. Sørge for at føring av rekneskapen blir gjort i samsvar med forskrift om føring av adskilde rekneskap, og under dette også:
- a. Få oversikt over konkurransesituasjonen i dei områda fylkeskommunen tilbyr tenester til betalande pasientar, inkl. vurdere om TkVestland er i konkurranse med private tilbydarar
 - b. Vurdere å gjere fordelinga av inntekter og utgifter for tenester til prioriterte pasientar og betalande pasientar oftare enn berre ved årsslutt, til dømes tertialvis, slik at det undervegs i året er mogeleg å setje i verk tiltak ved risiko for kryssubsidiering
14. Utarbeide rutinar for fakturering av kommunar og NAV
15. Fylkestinget ber også om at fylkesrådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Innspel frå tilsette i TkVestland

Sekretariatet mottok 07.05.2021 kl. 14.17 e-post frå Ellen Bergreen på vegne av tilsette i TkVestland med innspel til denne forvaltningsrevisjonsrapporten. Denne vart vidare sendt kontrollutvalet same dag.

Henvendinga frå TkVestland vert lagt ved saka til fylkestinget 16.-17.06.2021.

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, orienterte om sitt syn på saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Rutinane i fylkeskommunen er at kostnader skal førast på den eininga kostnaden gjeld. Han forsikra om kostnadene til PwC-rapporten i TkVestland sin rekneskap kan forklarast og at den ikkje vil få konsekvensar i budsjettoppfølginga.

Iril Schou Johansen (H) stilte spørsmål ved at TkVestland for tida ikkje har tilgjengeleg kjeveortoped. Det er kunngjort ledig 40% stilling med frist til 12.05.2021. Betyr dette at kjeveortopedi vert nedprioritert? Fylkesrådmannen forsikra at det ikkje er tilfelle, det skal vera tilbod om kjeveortopedi ved TkVestland. Han kjem attende med nærare svar på spørsmålet.

Gjennomgang av revisjonsrapporten

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan tannhelse og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 20 minuttar til å presentere revisjonsrapporten for fylkestinget 16.-17.06.2021.

Iril Schau Johansen (H) foreslo at den prioriterte handlingsplanen til kontrollutvalet bør sendast innan 01.09.2021 for punkt 11 og innan 01.10.2021 for øvrige punkt.

Dette slutta kontrollutvalet seg til.

Med denne endringa i punkt 15 vart slik innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan tannhelse ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at det vert sett i verk tiltak for å:

1. Inngå samarbeidsavtalar med alle kommunar i fylket, og etablere system som sikrar ei god og tilstrekkeleg rapportering på inngåtte avtalar
2. Prioritere å revidere samarbeidsavtalane med barnevern og statlege asylmottak
3. Evaluere om samarbeidsavtalane fungerer som føreset, inkludert evaluere om avtalane er tilstrekkeleg tydeleg for dei partane som skal bruke dei
4. I større grad kunne gi eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til personar med ruslidingar og eldre, langtidssjuka og uføre i heimepleie
5. Sørgje for at tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (TOO-tilbod) og tilbod til betalande pasientar ikkje går ut over tilbodet til pasientar i prioriterte grupper
6. Vurdere om det er behov for tiltak knytt til at nokre tilsette opplever at dei ikkje har ressursar til å gje tannbehandling av god nok fagleg kvalitet
7. Sørgje for at rutinar for journalrevisjon blir gjort kjent for og følgt av alle tannklinikkane
8. Utarbeide oversikt over kva tilleggskompetanse som finst på tannklinikkane, slik at kompetansen ved behov kan nyttast på tvers
9. Etablere eit system for å halde oversikt over klager innan tannhelsetenesta for å vere kjend med talet på klagar og for å nytte desse i forbetningsarbeid på tvers av tannklinikkane
10. Vurdere om det er behov for retningslinjer og meir informasjon om tilrettelagde tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (både pasientretta informasjon og retningslinjer til internt bruk)
11. Sikre at tilsette i tannhelsetenesta kan førebyggje, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt, mellom anna ved å sørgje for at:
 - e. det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet
 - f. tilsette har tilstrekkeleg kompetanse
 - g. tilsette har tilgang på ressurspersonar som kan kontaktast for råd og rettleiing
 - h. tilsette er kjent med at helsepersonell har ei sjølvstendig meldeplikt til barnevernet og kva meldeplikta inneberer
12. Sørgje for at det blir utarbeidd realistiske budsjett for tannhelsetenesta, mellom anna ved å:
 - g. utarbeide skriftlege rutinar for budsjettprosessen, som beskriv kva forhold som skal vurderast, kven som skal involverast, kva tidspunkt ulike aktivitetar og oppgåver skal gjennomførast og kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene i prosessen
 - h. identifisere og dokumentere kva tiltak som er nødvendig for å lukke budsjettavviket ved tannhelsetenesta sitt kompetansesenter (TkVestland)
 - i. utarbeide realistiske og korrekte budsjett for alle relevante nivå av tannhelsetenesta der alle kjente inntekter, utgifter og kostnadsdrivarar blir vurdert og tatt omsyn til
 - j. innføre kvalitetssikringstiltak av budsjetta

- k. vurdere om klinikkleiarar bør ha ei større rolle i utarbeiding av budsjett for tannklinikkane
 - l. etablere betre system for økonomirapportering for alle relevante nivå av verksemda som gjer det mogeleg å setje i verk tiltak undervegs i året ved avvik frå budsjett
13. Sørgje for at føring av rekneskapen blir gjort i samsvar med forskrift om føring av adskilde rekneskap, og under dette også:
- c. Få oversikt over konkurransesituasjonen i dei områda fylkeskommunen tilbyr tenester til betalande pasientar, inkl. vurdere om TkVestland er i konkurranse med private tilbydarar
 - d. Vurdere å gjere fordelinga av inntekter og utgifter for tenester til prioriterte pasientar og betalande pasientar oftare enn berre ved årsslutt, til dømes tertialvis, slik at det undervegs i året er mogeleg å setje i verk tiltak ved risiko for kryssubsidiering
14. Utarbeide rutinar for fakturering av kommunar og NAV.
15. Fylkestinget ber også om at fylkesrådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2021 for punkt 11 og innan 01.10.2021 for øvrige punkt, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 36/21 Forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.
3. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. I tillegg ber kontrollutvalet om at opsjon på undersøking av spesialundervisning under pandemien inngår i revisjonen med det timeforbruket som inngår i prosjektplanen.
5. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart ingen endring i prosjektplanen og det betyr at punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Med denne endringa, ved at punkt 2 går ut, vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. I tillegg ber kontrollutvalet om at opsjon på undersøking av spesialundervisning under pandemien inngår i revisjonen med det timeforbruket som inngår i prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 37/21 Forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart ingen endring i prosjektplanen og det betyr at punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Med denne endringa, ved at punkt 2 går ut, vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 38/21 Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.10.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapa sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart ingen endring i prosjektplanen og det betyr at punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Med denne endringa, ved at punkt 2 går ut, vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.10.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapa sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 39/21 Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon av tilskotforvaltning innan ulike sektorar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom fram at det kan verta forseinkingar på levering av rapporten. Deloitte stilte også spørsmål ved om kontrollutvalet ønskjer å verta involvert i å plukke ut einiskilde tilskotsmottakarar. Utvalet vart samde om at Deloitte kan velge dette sjølv, likevel slik at dei sender forslaget på e-post for at utvalet kan komme med eventuelle innspel dersom dei ønskjer det.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Deloitte lager forslag til tilskotsmottakarar som dei ønskjer å inkludere i revisjon på e-post slik at utvalet kan komme med eventuelle innspel.
2. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 40/21 Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om ny status på oppfølging av revisjonsrapport «Vurdering av finansiering av friskular» innan 31.12.2021.
2. Kontrollutvalet merkar seg at oppfølging av denne revisjonen har teke lang tid og at det no snart er 2 år sidan Hordaland fylkesting gjorde vedtak i saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om ny status på oppfølging av revisjonsrapport «Vurdering av finansiering av friskular» innan 31.12.2021.
2. Kontrollutvalet merkar seg at oppfølging av denne revisjonen har teke lang tid og at det no snart er 2 år sidan Hordaland fylkesting gjorde vedtak i saka.

PS 41/21 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|--|------------------------------|
| • Fylkesutvalet | 26.03., 07.04. og 20.04.2021 |
| • Hovudutval for opplæring og kompetanse | 16.03. og 27.04.2021 |
| • Hovudutval for samferdsel og mobilitet | 23.03. og 27.04.2021 |
| • Hovudutval for næring | 23.03. og 28.04.2021 |
| • Hovudutval for kultur, idrett og integrering | 25.03. og 28.04.2021 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 42/21 Oppfølging - Selskapskontroll av Skyttel AS

Forslag til vedtak

- A1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå **Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant** om gjennomført forbetningsarbeid etter selskapskontroll i Skyttel AS til orientering.
- A2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

- B1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå **Skyttel AS** om gjennomført forbetningsarbeid etter selskapskontroll i selskapet til orientering.
- B2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- A1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå **Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant** om gjennomført forbetningsarbeid etter selskapskontroll i Skyttel AS til orientering.
- A2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

- B1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå **Skyttel AS** om gjennomført forbetningsarbeid etter selskapskontroll i selskapet til orientering.
- B2. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

PS 43/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

I starten av møtet held Silje Fossdal i Deloitte eit 2-timars kurs i innføring i rekneskap for kontrollutvalet.

Neste møte i kontrollutvalet er 14.06.2021. Dagen etter er det politikardag som truleg vert halden digitalt.

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, orienterte om at advokatfirma Thommessen no er ferdig med si forundersøking av habilitet for hovudutvalsleiar Karianne Alette Torvanger og seksjonssjef Kenth Rune Måren, jf. møte og telefonrunde 21.04.2021. Resultatet er å finne på denne lenkja:

<https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2021/ikkje-inhabile-men-skulle-sagt-fra/>

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.